



forum for  
natur og friluftsliv i  
Sogn og Fjordane

Stryn kommune  
Tonningsgata 4  
6783 Stryn

[postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)

Leikanger 31.01.2017

FNF Sogn og Fjordane

Naturverforbundet i Sogn og Fjordane

NOF Norsk ornitologisk forening avd Sogn og Fjordane

## **Framlegg til kommunedelplan Langeset-Stryn-Storesunde. Fråsegn til andre høyringsrunde.**

Naturvernforbundet og Norsk ornitologisk forening gjekk i første høyringa sterkt i mot planen om vidare utfylling av Vikaleirene. Vår fråsegn handlar om dette området også i denne omgangen.

Sidan første høyringa har Stryn kommune fått gjennomført ei ny gransking av pusleplantefloraen i det aktuelle området, gjennomført av Geir Gaarder, Naturfaglig utredning. I lag med Visnesøyra er Vikaleirene ein naturtype som i Naturbase frå før er ført opp med verdien A – svært viktig. Rapporten frå Gaarder dokumenterer at Vikaleirene har fleire raudlista artar enn det som var kjent før. Vi har å gjere med eit område av *nasjonal verneverdi*.

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)

Nettside [www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)

På denne bakgrunnen er vi overraska av at rådmannen held fast ved sitt første standpunkt om å fylle igjen området. Vi kan ikkje sjå at dei konkrete argumenta som rådmannen viser til som heilt naudsynte grunnar til å øydelegge Vikaleirene, kan vere tunge nok til å forsvare utfyllinga, som vi meiner vil vere i strid med naturmangfaldlova.

### **Verdien av Vikaleirene**

Vikaleirane er i Naturbase (Miljødirektoratet) ein del av Visnesøyri, som har verdi A – svært viktig. Det vil seie at området har verdi i nasjonal samanheng. Den innebygde Tonningsleira lenger nord har like stor verdi i naturbasen, men er innebygd og kan ikkje erstatte tapet dersom Vikaleirene kjem under fyllmassar. Den høge verdien i Naturbase er basert på registreringar i 1995. I 2016 konstaterer Gaarder at eit stort tal planter som vaks der i 1996 er no borte, truleg òg fleire regionalt sjeldne artar. Den innestengde brakkvassumpen Tonningleira er heilt ueigna for dei pusleplantene som veks på Vikaleirene, skriv Gaarder. Han har i rapporten markert fleire stader i Vikabukta som vekseplass for pusleplantene; størst er eit belte langs land på nord- og vestsida av bukta.

Kommunen skriv at det er registrert minimum 8 raudlista artar i Vikebukta. Geir Gaarder nemner dvergsivaks (VU, sårbar), firling (VU) og pusleblom (VU). Kategorien VU inneber at arten har negativ utvikling og kanskje 50 prosent (eller større) risiko for å døy ut i landet i løpet av 10 år. Situasjonen er altså høgst alvorleg.

I tillegg fann Gaarder skaftevejblom (NT, nær truga), evjebrodd og pollsvivaks. Begge er rekna som livskraftige nasjonalt, men dei er regionalt sjeldne. I 1995 vart det registrert 225 karplanter – eit svært høgt tal – i ei rekkje ulike vegetasjonstypar innanfor det som i Naturbase er naturtypen Tonningleira. Det femner om heile brakkvassområdet ved utløpet av Stryneelva, inkludert Vikaleirene, som er den artsrikaste delen.

I raudlista for naturtypar står brakkvassområde i kategorien *sårbar*. Det er i heile landet. I Sogn og Fjordane verkar faren langt større for at denne typen natur er i nedgang. I Nordfjord er det berre Gloppen som har liknande brakkvassområde, med delvis ein annleis vegetasjon. Både i Gloppen og i Austefjorden (Volda) manglar fleire av dei truga artane som veks i Stryn. I fleire av omtalane i Naturbase går det fram at utviklinga for mange sjeldne artar kan vere negativ i denne naturtypen, av ulike årsaker. Naturen har gjerne meir eller mindre tilfeldige variasjonar. Vi må ta vare på så mykje av sjeldne leveområde at risikoen er liten for at truga artar tilfeldig vert borte.

Som det står i det kommunale sakstilfanget, utfylling vil utrydde dei store og svært sjeldne verdiane i Vikaleirene. Planen går ut på at reguleringa skal sikre reserveareal, utan at alt treng å bli brukt. Til dette er vår merknad at dei raudlista plantene er økologiske spesialistar, som har snevre grenser for det miljøet dei kan leve i. Dersom saltinnhaldet i vatnet går opp eller ned, kan artane forsvinne. Dette går fram av notatet frå Gaarder. Risikoen er stor for at vidare innsnevring av den smale armen som er igjen vest og nord for dagens fylling, vil vere nok til at vasskjemien vert varig endra og plantene borte. Både industriareal og livet i vatnet er ikkje ein gjennomførleg kombinasjon.

Vi meiner det er dekning for å konstatere at Vikaleirene har heilt uvanleg store naturkvalitetar i den artsrike vegetasjonen med ei rekkje sjeldne og truga artar. I tillegg kjem verdien som nærings- og overvintringsområde for mange fugleartar. Dei negative konsekvensane av utfyllinga er svært store.

### **Reglane i naturmangfaldlova**

Alle forvaltningsorgan skal etter § 7 i naturmangfaldlova (nml) legge forvaltningsprinsippa i denne lova til grunn for sine vedtak om forvaltning av naturgode.

Forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem (nml § 4) er å ta vare på naturtypane der dei naturleg finst, og med den artsrikdommen og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den aktuelle naturtypen. Dette er etter vår oppfatning umogleg å kombinere med nedbygging av Vikaleirene. Heller ikkje Rådgivende Biologer har funne fram til noko erstatningsområde for det som går tapt om planen vert til røyndom. Den aktuelle naturtypen har ingen parallell med tilsvarande funksjon, struktur og produktivitet (nml § 4).

For artar har lova eit forvaltningsmål i § 5. Artane og deira genetiske variasjon skal kunne leve vidare på lang sikt. Dette krev at dei økologiske vilkåra for artane er til stades. Dei sjeldne artane som karakteriserer Vikaleirene, har truleg funnest i fleire andre og liknande biotopar, men dei er i stor grad borte. Det må etter vår oppfatning vere i strid med lova å fjerne så mange veksestader at total utrydding vert ein fare som kan komme av tilfeldige hendingar. Ein slik situasjon vil oppstå dersom Stryn kommune gjev løyve til å byggje ned Vikaleirene.

Eit tredje punkt som er relevant i nml, er omsynet til samla påkjenning (§ 10). I mange tilfelle er det vanskeleg å finne ut sikkert når den samla påkjenninga på ein naturtype er for stor. I dette tilfellet er det truleg slik at Stryn tidlegare har fylt ut så store brakkvassareal at samla og akseptabel påkjenning er passert tidlegare. Det er ikkje mogeleg å

komme til at vidare utfylling er gjennomførleg utan å bryte reglane om forvaltningsmål for artar og naturtypar. Ønskje om meir byggjegrunn i ein tettstad som er heller open i sin struktur, kan ikkje vege opp for skadane ved å byggje ned Vikaleirene. Også situasjonen i andre kommunar må vere med i vurderinga av kor stor samla påkjenning er.

Utfylling av Vikaleirene er etter vår oppfatning i strid med fleire reglar i naturmangfaldlova, særleg ved at fyllinga vil totalt øydelegge ein sjeldan og i nasjonale samanheng særleg verdfull naturtype, og fjerne ein av dei siste levestadene for ei rekkja truga artar.

### **Omsyn til landskapet**

Det som er igjen av garden Vik, med det velhaldne tunet, er for mange eit kulturhistorisk smykke i Stryn. Det eksisterande industriarealet har fjerna mykje av den situasjonen som var. Å utvide slik at bryggja og naustet vert ståande innanfor tørt land, vil minne om situasjonen ved Det kaspiske havet – der båtar ligg på land fleire kilometer frå vasslinja – sjølv om det skulle bli att ein smal kanal langs land. I begge tilfella vil resultatet vere overforbruk av natur, svært verdifull natur.

### **Trongen for areal**

Rådmannen skriv i sakstilfanget at målet med reguleringa er å skaffe tilgjengeleg industriareal den dagen nokon spør etter det. Det er altså ikkje snakk om at ei eller fleire verksemder har aktuelle planar for nye arbeidsplassar. Motivet for utvidinga er vagt.

Etter det vi forstår av planen, har kommunen eit stort og ledig areal for industri aust for sentrum, vest for Rise bru. Vi har òg forstått det slik at på Visnesleirene står areal og bygningar som ikkje er i bruk. Dette må innebere at det er mogeleg å finne plass til ein god del industri utan å gå laus på Vikaleirene, ein av dei mest verdfulle lokalitetane i heile Nordfjord.

Det er god grunn til å tvile på om utfylling av Vikaleirene på nokon måte er avgjerande for utviklinga i Stryn.

I området ved markane er det regelmessige observasjonar av trane, som også hekkar i området. Landskap og biotop er eigna for trane, både for næringsøk under trekk og som hekkeplass. Trane er ikkje ein raudlista art, men ein fåtallig art på Vestlandet, og dette bør leggast til grunn i arealforvaltninga. Markane er under sterkt press for utbygging og ulik annan arealbruk. I tillegg til kommunen ønskjer å utvide næringsområde her, er det og planlagt at ny E39 skal leggjast her. Akkurat ved Langeset er det tenkt at traseen skal gå i

tunnel, men lenger oppe i Markane og over mot Kjøs vil vegen gå i dagen. Summen av planlagde tiltak må difor sjåast i samanheng, og at dei saman sterkt vil kunne true dette området som eit viktig område for trane i denne delen av landet.

Ved Langeset bør ein prøve å ivareta heilskapen i kulturlandskapet i størst mogleg grad, og minimere oppdeling ved nye tiltak minst mogleg.

## **Konklusjon**

*Vikaleirene har heilt uvanleg store naturkvalitetar i den uvanleg artsrike vegetasjonen, med ei rekkje sjeldne og truga artar. Opplysningane tilseier at Vikaleirene har den høgst oppnåelege naturverdien. I tillegg til dei botaniske kvalitetane kjem verdien som nærings- og overvintringsområde for mange fugleartar. Dei negative konsekvensane av utfyllinga er svært store.*

*Utfylling av Vikaleirene er etter vår oppfatning i strid med fleire reglar i naturmangfaldlova.*

*Det er god grunn til å tvile på om utfylling av Vikaleirene på nokon måte er avgjerande for utviklinga i Stryn. Vi meiner at samfunnsinteressene ved utfylling ikkje er store nok til å øydelegge eit naturområde som er av nasjonal verdi.*

Med helsing

Erik Solheim, rådgjevar / Marit Vøien Nes, leiar  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane



Kjetil Mork og Jan Ove Sagerøy

NOF, Norsk ornitologisk forening avd Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle, koordinator  
Forum for natur og friluftsliv



Kopi til: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane fylkeskommune

### 3 Resultater

Pusleplanter ble påvist i ei sone langs mye av bukta på Vikaleirane, inkludert de truede artene dvergsivaks (VU), firling (VU) og pusleblom (VU). I tillegg ble det funnet noe evjebrodd (regionalt sjelden pusleplante, men ikke nasjonalt rødlistet), helt lokalt også sylblad, samt jevnt med vasshår. Det ble også observert et par mindre bestand av pollsivaks. Dette er en regionalt sjelden art som har en stor bestand inne i brakkvannssumpa på Tonningsleira, der den virker til dels helt dominerende

over store areal. Det ble ikke gjort interessante artsfunn nær naustene, og forekomsten av interessante pusleplanter vurderes som mest sannsynlig å være begrenset til det undersøkte området på Vikaleirane.

Dvergsivaks *Eleocharis parvula*: Arten virker ganske jevnt utbredt i den indre hovedlokaliteten (Fløhammaren), men forekommer også i ei smal stripe på nordsiden av tangen som er fylt ut på sørvestre del av industriområdet på Vikaleira. Arten ble ikke nevnt av Skogen & Lunde (1996), noe som ganske sikkert skyldes forveksling med nålesivaks (som de derimot hadde funn av i området).

Firling *Crassula aquatica*: Lignende utbredelse som dvergsivaks, med jevn forekomst i hovedlokaliteten,

samt på begge sider av tangen på sørvestre del av Vikaleira. I tillegg en sparsom forekomst sørøst for Vikaleira, inn mot veggen. Skogen & Lunde (1996) betegnet arten som spredt forekommende.

Pusleblom *Lysimachia minima*: En sparsom forekomst lengst sør i hovedlokaliteten, samt en litt mer tallrik (men også der sparsom og lokalt) ved Grønevik helt i sørvest. Arten har vært kjent med eldre funn fra deltaet til Stryneelva, men ble ikke gjenfunnet i 1995 (Skogen og Lunde 1996). Det er grunn til å tro at dette bare skyldes at arten da ble oversett, siden den er såpass liten og blomstrer ganske seint (de kartla området i juli måned).

Skaftvejblom *Elatine hexandra*: Arten ble ettersøkt i 2016, men ikke påvist. Den ble funnet på Tonningsleira i 1995 (Skogen & Lunde 1996). Det kan være fare for at arten er forsvunnet fra området,

men den kan også være oversett, siden det var vanskelig å kartlegge grundig vegetasjonen som vokste lengst ute i vannet (det er også mulig at arten forekom relativt sparsomt dette året, da disse pusleplantene sannsynligvis kan ha store bestandsvariasjoner fra år til år).

### 4 Vurdering av sårbarhet til pusleplantene

Noen nærmere planer omkring eventuell utbygging i området er ikke mottatt, så vurderingene her er satt opp kortfattet og punktvis, og basert på generell kunnskap om artene og miljøet de vokser i.

- De truede pusleplantene er knyttet til brakkvann og vil ikke overleve større, permanente endringer i innhold av saltvann eller ferskvann.
- De truede pusleplantene er konkurransesvake og overlever ikke at voksestedene vokser igjen eller blir dekt med gammelt løv mv. Spesielt pusleblom er utsatt for gjengroing og det var typisk at det ene voksestedet i Grønevika var preget av litt forstyrrelser (litt tråkk mv). Også firling får vanligvis sterkt reduserte leveområder hvis miljøene ikke blir skjøttet med

eksempelvis husdyrbeite, men ser på Vikaleirane stedvis ut til å ha ei sone den klarer seg i uten særlig skjøtsel. Dvergsivaks er den av påviste arter som trolig klarer gjenvoksing best. Store trær som står helt i strandkanten kan derimot gi alvorlige problemer for alle tre arter når de feller løv på høsten hvis dette bare blir liggende i strandsona.

- De truede artene er spesifikke i substratvalg. De skal ha finkornet materiale, helst mineralholdig og med begrenset humusinnhold. De vokser med andre ord vanligvis ikke på grus, stein mv (pusleblom kan tolerere noe innhold av grov, stabil sand), og heller ikke på sand hvis den er utsatt for litt bølgeerosjon. De vokser heller ikke på humusrike løsmasser. I tillegg er det viktig at substratet er stabilt og fast. Med andre ord er det leire og silt som de i første rekke finnes på.

**Figur**